

**5 ledige tomter på Ytre Eik**

23.03.2011

**Det er framleis 5 ledige tomter i prosjektet til Byggpartner Kvinnherad (Frode Bu) på Ytre Eik og Ole Vidar Monsen i firmaet innrømmer at salet har vore litt tregt. Han har sjølv fått tomt i området , som hadde 10 tomter på eit samla areal på 13 dekar.**

3 av tomtene er bebygde og husa innflytta - det første i juni og det neste i oktober.  
I tillegg kjem ein fritidsbustad nede ved fjorden som vart teken i bruk i august.

Det blir operert med ein prisantydning på 390.000 kroner og tomtearealet varierer mellom 450 og 1.000 kvadratmeter. Som ein ekstra fristelse blir det opplyst at det er mogeleg å få rettigheit til båtplass og seinare kjøpa seg inn i Ytre Eik Båtlag. Laget skal organisere bryggje og utliggjarar.

Det er eit ytterlegare salsargument at dei tekniske anlegga er ferdigstilt og mellom anna inneheld fiberkablar. Veglaget planlegg asfaltering, vert det opplyst. Det er organisert både veglag og tomtelag, som skal ta seg av fellesinteressene i feltet. Det blir presisert at areal og pris er omtrentleg.

Av Ola Matti Mathisen